



Alf Eikevik
Kollåsen 54
5116 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2379 - 14/20944

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
15.09.2014

Svar vedkomande Dykkar førespurnad om stoppordre - gbnr 99/4 Våge

Lindås kommune viser til din e-post datert 24.08.2014, som omhandlar ei rekkje forhold.

I dette brevet vert det gjeve svar på det punktet i e-posten som gjeld stoppordre og oppheving av denne.

I e-posten din viser du mellom anna til:

«Saka er endeleg avgjort av FM (Fylkesmann) 08.07.14., der det kjem fram at arbeida er søknadspliktige.

Tiltakshavar har meldt til oss at han ikkje er samd i FM si avgjer, då han meiner det hefter feil i saksunderlaget frå kommunen til FM.

FM si avgjer i saka om ulovleg oppstart, er endeleg og kan ikkje påklagast. Kommunen har ikkje mynde til

å prøve avgjerda.

Dersom tiltakshavar har merknader til saka må desse rettast til FM.

Fylkesmannen har ikke berørt temaet gårdsbruk eller kva som er hensikten med terrengjustering. Saksbehandleren har heller ikke gjort en individuell vurdering av arealet eller beliggenheten av arbeidet. Saksbehandleren har godtatt og sitert rådmannen sin saks fremstilling med saksfeil ved areal 10% osv. Saksbehandler hos fylkesmannen (29 år kvinne) har ikke nødvendig kunnskap til å behandle denne saken. Saken har heller ikke vært innom landbruks avdelingen hos fylkesmannen slik som vi har blitt forespeilet. Lindås kommune har et frittstående ansvar på at forvaltnings prosesser, saksbehandling og fakta opplysninger blir utført korrekt og ikke avvise tiltakshaver ved oppsøking av saksbehandler.

(...)



Vi regner med at stoppordren blir opphevet og arbeidet kan fortsette før vinteren setter inn.»

Lindås kommune gav stoppordre i vedtak datert 12.03.2014. Vedtaket vart klaga på av Dykk i brev datert 19.03.2014. Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte 14.05.2014, der Lindås kommune sitt vedtaket datert 12.03.2014 vart oppretthaldt. I tråd med reglane for klagehandsaming i forvaltningslova, vart saka oversendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg handsaming av klagen den 23.05.2014.

Fylkesmannen i Hordaland har handsama saka i vedtak datert 08.07.2014. Vedtaket hos Fylkesmannen er eit endeleg vedtak, og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 3.ledd.

Lindås kommune kan ikkje overprøve eller omgjere vedtak fatta av Fylkesmannen i Hordaland.

Merknadar i samband med vedtak om stoppordre og endeleg stadfesting av vedtaket, må rettast til Fylkesmannen i Hordaland. Det må eventuelt anmodast om omgjerung av vedtaket til Fylkesmannen i Hordaland. Det er då Fylkesmannen som handsamar og vurderar dette.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alf Eikevik

Kollåsen 54

5116

ULSET